



**SER NORDOVER:** Kjell Magnus Økland, dagleg leiar i Stiftinga Kystsogevekene, inviterer Sogn og Fjordane inn i samarbeidet.

FOTO: GEIR SYSTAD

## Held informasjonsmøte på Kystmuseet

# Framsnakkar kystkulturen

**FLORØ:** Kjell Magnus Økland ønsker meir samarbeid om kystkulturen.

LIV STANDAL  
liv.standal@firdaposten.no  
992 94 623

Stiftinga Kystsogevekene held til i Hordaland. Men i og med regionsamanslåinga frå 2020, inviterer no stiftinga kommunar i vårt fylke inn i samarbeidet.

Torsdag kjem dagleg leiar i stiftinga til Kystmuseet for å

orientere om moglegitene eit slik medlemskap kan ha. Det overordna målet til Kystsogevekene er å fremje kystkultur via store og små arrangement i medlemskommunane.

### sdkfnfdn

- Det er naturleg å tenke ei slik utviding i samband med regionreformen. På Kystmuseet torsdag vil eg først og fremst orientere om kven vi er og korleis vi arbeider. Så er det opp til miljøa lokalt som driv ulike formar for kystkultur om dei ser nytte i dette. Då må dei snakke

med sine respektive kommunar, slik at innmelding kan komme på dagsorden i kommunestyra.

Kystsogevekene er også ein fagleg pådrivar for utvikling av kystkulturtildobod.

- Ein kan diskutere idear omkring til dømes arrangement med meg. Ofte har eg tips - ein treng jo ikkje å finne opp kuttet på nyt. Kvifor ikkje låne idear som har funka andre stader og tilpassa dei til sin arena, spør Økland.

Det har nok vore ein tendens til at Kystsogevekene har man-

gla fornying, ser Økland.

- Vi har hatt problem med å få tak i dei yngre. Turen til Sogn og Fjordane er forsåvidt ei forlenging av det same - ei fornying av eit konsept som har eksistert i over 20 år.

### Framsnakkar kystkultur

Økland har allereie tenkt på lokale aktørar som kan ha nytte av å overtale kommunen sin til å melde seg inn i samarbeidet.

- Både Loyal, Svanhild, Atløy, Kystmuseet og Kystlaget Hornelen er aktørar som kan gå inn og vere arrangørar for spennan-

de ting i Flora og Bremanger.

Men Økland strekar under at det må finnast drivkrefter for arbeidet lokalt - det vil ikkje endre seg sjølv om Kystsogevekene blir ein samarbeidspartner.

Økland meiner kystkultur er eit underkommunisert tema i den norske offentlegeita.

- Vi treng å framsnakke den. I overskuelig framtid trur eg vi vil trenge sågne markeringar.

Kystsogevekene vert i år avvikla mellom 4. august og 16. september. Men inntil vidare altså berre i Hordaland og Gulen.

## Musikarane var i mindretal i UKM

**FLORØ:** Tendensen har snudd når det gjeld Ungdommens Kulturmønstring.

LIV STANDAL  
liv.standal@firdaposten.no  
992 94 623

Medan det før om åra alltid var størst interesse for å vise fram eit musikkinnslag frå scena, har det i år snudd slik at det utan samanlikning er flest som stillear ut bildekunst av ulikt slag. I år var det heile 23 bilde utførte i forskjellige teknikkar som deltok, mot berre fem sceneinnslag.

Det var laurdag 3. mars at arrangementet fann stad, på Flora samfunnshus.

I juryen sat Oda Alisøy, Hilde Amundsen og Arne Hjorth Johansen og dei hadde ein vaniskeleg, men kjekk jobb med å

avgjere kven som skal få presentere Flora på fylkesnivå. Til slutt sat ein att med desse namna som går vidare til fylkesfinalen:

### DESSE GJEKK VIDARE

- Britney og Ben Jeffrey - Reverie (fiolin og piano)
- Jasmin Jørgensen - Sign of the Times (song)
- KS Crew - Heart Cry (dans)
- Bilde:
- Elise Eikefjord Hatlem - «Winter»
- Leah Winter Brandsøy - «Angel» og «Tobacco»
- Lillian Eimhjellen - «Stress»
- Natthida Noijan - «Lady of the Night»
- Thea Kristine Bruvik - «Headless Rider»



**UNGE:** Bandet The Wolves framførte ein gnistrande versjon av «Baby one more time» men gjekk ikkje vidare, då dei er under 13 år. Då er det berre å melde seg på igjen neste år. **FOTO: ARNE HJORTH JOHANSEN**